

Notat stengt tursti på Hjertås

Kva saka gjeld:

I august vart det gjort skadeverk hjå Kjell Stople. I løpet av natta hadde nokon opna alle grindene inn til sauebeite, kasta stein på sauene og rive ned informasjonsplakatar som grunneigaren har hengt opp. Gjerningsmannen/-mennene hadde tatt med seg ei grind som medførte at 45 dyr kom seg ut frå beitet og gjekk fritt mot både riksveg og andre eigedommar. Fleire av sauene fekk skader som følgje av mishandlinga. Grinda dukka opp att neste dag, men på ein plass den ikkje låg dagen før. Skadeverket er meldt til politiet og saka er under etterforsking.

Som ein følge av dette stengte Kjell Stople stien. Den er ikkje fysisk sperra, men det er hengd opp ein kjetting med eit skilt der det står at den inntil vidare er stengt. Det står namn og telefonnummer på skiltet slik at turgårar kan ringja om dei ynskjer å gå gjennom området. Etter denne stenginga er det framleis ein god del ferdsel, og mange har kontakta grunneigar for å spørja om det er i orden at dei krysser beitet. Kjell Stople har intensjonar om å opna stien igjen når saka er ferdig etterforska.



Det er i etterkant av dette stilt spørsmål i Utval for drift og utvikling om Stople sin rett til å stenga av ein slik sti. Administrasjonen har i samtalar med Stople og gjennom rettskildesøk laga ei skriftleg framstilling med mål om å tydleggjera kva lovverket seier om slike saker.

Bakgrunn:

Kjell Stople eig gbnr 9/1 m.fl på Hjertås der han driv med sau. Han og familien har i mange år halde på med restaurering av kulturlandskapet, både oppattmuring av steingardar, restaurering av bygningar og rydding av beite. For nokre år sidan kjøpte dei arealet på 9/3,4 og 5, då det låg godt til rette for å driva dette saman med deira bruk. Dei hadde trong for utvida beitearealet i samband med auke i sauetalet. Dei siste åra har dei halde på med å tilbakeføra attgrodde beite til slik dei eingong var. Dei har rydda beite, gjerda, laga grinder

og murt opp steingard slik at området i dag framstår som særstakt og flott kulturlandskap. På gardskart for eigedomen er dette arealet synt som innmarksbeite, overflatedyrka areal og skog. Kart ligg ved. Noko av arealet er registrert i Naturbasen som verdfull beiteskog.

I samband med nye byggjefelt i krinsen byrja folk på 90 talet å gå gjennom dette området, og laga seg etter kvart ein ny sti. Ein samanhengande steingard på meir enn 600 meter fekk mykje skade då folk klatra og reiv ned Stein for å koma over. Det vart gjort ein del ryddearbeid av dei som ferdast for å laga ein sti. Kjell Stople har vore i kontakt med tidlegare eigar, som opplyser at han har aldri blitt førespurd eller gitt noko løyve til stirydding på sin eigedom. Det vart i same tidrom starta opp ein turmarsj – Vestbygdmarsjen som nytta denne traseen. I kommunen sin kartbasen er denne stien lagt inn i 2008.

Intensjonane til Stople har heile tida vore at folk skulle kunne ferdast gjennom beiteområde, men var oppteken av å ta vare på steingarden og at beitedyra ikkje skulle uroast unødig. Dei bygde difor i 2011 to gjerdeklyv over steingarden, og murte opp att eit parti på om lag 50 meter som var nedrast m.a. som følgje av ferdsel. Dette løyvde kommunen eit mindre tilskot til med grunngjeving at det var viktig å ta vare på steingarden som kulturminne. Det vart sett opp gode gjerder og grinder. På grindene heng det plakatar som fortel at her går beitedyr heile året og oppmoding om å halda hundar i band. Det står også telefonnummer til eigar av dyra. Det kan nemnast at etter forskrift for bandtvang i Meland er Hjertås eit av områda som har bandtvang heile året.

Dei aller fleste som har ferdast på denne stien har vist aktsemd, men det har vore fleire episodar i åra som har gått der det har vore gnissingar mellom landbruksinteresser og ferdsel. Mange slepper hundane sine laus når dei kjem inn på beite. Ved eit høve vart sauene jaga av laus hund. Det har også vore ein del forsøpling (særleg i ettermat av Vestbygdmarsjen) og skade på småtre og risdungar. Stople har nokre gongar gjort folk merksam på at dei går gjennom eit beiteområde, og at dei må opprette aktsamt og ha hundane i band. Det er ulik oppfatning mellom grunneigar og turgåarar kva rett til ferdsel som allemandsretten gjev.

Rettssilder:

Det er lov om friluftslivet (friluftslova) som opnar for og samstundes regulerar almen fersel i utmark. I lovas §1 står det: "*Formålet med denne lova er å verne om friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en trivelsskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes*".

I lovas §1a går skilje mellom kva som er innmark og utmark i lova, og lova seier: "*Som innmark eller like med innmark reknes i denne lov gårdslassen, hustomt, dyrket mark, engslått og kulturbete samt liknende område hvor almenhetens ferdsel vil være til utilbørlig fortrengsel for eier eller bruker*". Samstundes seier lova vidare at udyrka, mindre grunnstykker som ligge i dyrka mark eller engslått eller gjerda inn saman med slikt område, reknaast også

like med innmark. Vidare etter §1a er definisjonen av utmark: " *Med utmark mener denne lov udyrket mark som etter foregående ledd ikke reknes like med innmark*".

Ferdsel på innmark er etter friluftslova §3 regulert i eit bestemt tidsrom og under bestemte klimatiske forhold. §3 sier: "*I innmark kan enhver ferdes til fots i den tid marken er frossen eller snølagt, dog ikke i tidsrommet 30. april til 14. oktober. Denne ferdelsrett gjelder likevel ikke på gårdschluss eller hustomt, inngjerdet hage eller park og annet for særskilt øyemed inngjerdet område hvor almenhetens vinterferdsel vil være til utilbørlig fortrengsel for eier eller bruker*".

Det ble i 2012 innført ein ny paragraf i friluftslova (§3a) som opnar for ferdsel på veg eller sti i innmark. §3a første ledd: "*Ferdsel i innmark som fører til utmark til fots på vei eller sti er tillat hele året, hvis ferdelsen kan skje utan å passere gjennom gårdschluss eller over hustomt eller uten på annen måte å være til utilbørlig trengsel eller ulempe for eier eller bruker*".

I § 3a tredje ledd gir eigar eller brukar høve til å forby ferdsel som er tillede etter første ledd (ferdsel på sti eller veg til fots). §3a tredje ledd: "*Eier eller bruker kan forby ferdsel som er tillat etter første ledd, hvis ferdelsen er egnet til å volde nevneverdig skade*". Det er videre i lovkommentarene klart at etter paragrafens tredje ledd (forby lovleg ferdsel) at eigar eller brukar sjølve kan kan forby ferdsel på på vegen eller stien.

§3a tredje ledd kan sjåast i samanheng med §11 i friluftslova som omfatter ferdelskultur og eigars bortvisningsrett. §11 første ledd sier: "*Enhver som ferdes eller oppholder seg på annen manns grunn eller på sjøen utenfor, skal oppstre hensynsfullt og varsomt for å ikke volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjemmende eller føre til skade for noen*". Vidare opnar § 11 annet ledd for at eigar eller brukar av eigedommen har rett til å vise bort folk som opptrer hensynslaukt. §11 annet ledd: "*Grunnens eier eller bruker har rett til å vise bort folk som opptrer hensynsløst eller ved utilbørlig atferd utsetter eiendommen eller berettigete interesser for skade eller ulempe*".

Under forarbeida til lovendringa som kom i 2012 ble det presisert i *propositjon 88 L endringer i friluftsloven og straffeloven (2010-2011)* rundt heimelen for grunneigars rett til å forby ferdsel etter § 3a tredje ledd. Der står det under punkt 2.2.5 departements vurderinger: "*Departementet forslår å lage en hjemmel i §3a tilsvarende §3 tredje ledd om å forby ferdsel over hage, plantefelt osv. som egnet til å volde skade på til også å omfatte ferdsel på veg eller sti i innmark. Dette vil gjøre det mulig for eier eller bruker å forby slik ferdsel, for eksempel dersom slik strekning veg eller sti er spesielt sårbar for ferdsel, eller dersom næringsutøvelse i visse situasjoner konkret vil medføre at allmenhetens ferdsel kan volde nevneverdig skade. Eier eller bruker er da ikke avhengig av at kommunen skal vedta forbud og at fylkesmannen stadfestar det, eller overlatt til §11 annet ledd om å måtte vise bort folk i enkeltilfelle*".

Det er §10 (Friluftsmøte m.v.) i friluftslova som regulerer organisert og kommersiell ferdsel. Og §10 seier: "*Friluftsmøte, idrettsstevne (f.eks. skirenn eller orienteringsløp) og liknende sammenkomst som kan medføre nevneverdig skade eller ulempe, kan ikke holdes uten samtykke av eier eller brukar av grunn hvor avsperring foretas, samling, start eller innkomst finner sted eller hvor sammenstimling av folk for øvrig må påreknes*". Kva krav som vert stilt for at eit arrangement skal ha grunneigars samtykke kjem klarare fram i *rundskriv T-3/07 om lov om friluftslivet av 28. juni 1957 Nr.16, publisert i 2007*. Under punkt 7.2 organisert og kommersiell ferdsel vert det påpekt at allemansretten omfatter også organisert ferdsel. Og at grensa for kva som inngår i allemansretten i slike samanhengar framkjem i lovens §10.

Vidare står det i rundskrivet at det er to forhold som må føreliggje før det vert krevd samtykke frå grunneigar, arrangementet må ha eit visst omfang og arrangementet kan med sansynlighet medføre nemneverdig skade eller ulempe på arealet. Rundskrivet presiserer dette ytterlegare ved: "*Hvor grensen for hva som er tillatt uten samtykke må avgjøres på grunnlag av det konkrete forhold i det enkelte tilfellet. Det må f.eks. legges vekt på type aktivitet, omfanget av tilstrømming, hva slags terrenghva folk samles i, og hvilken årstid det dreier seg om. Momenter som taler for at samtykke kreves kan f.eks. være at arrangementet sansynligvis vil medføre skade på trær og vekster, forstyrre viltet i yngletiden, eller hindre dyr på beite. Frykt for skade på arealer som ikke omfattes av sammenstimlingen gir ikke grunnlag for krav om samtykke*".

Vidare vert det påpekt: "*Friluftslovens §10 trekker grensen for forholdet til grunneier når dette gjelder organisert og kommersiell ferdsel. Men andre bestemmelser i friluftsloven setter også grenser, slik at omfanget av ferdselet er av betydning i praksis. Man bør være mer aktpågivende i forhold til kravene om ferdelskultur i §11 dersom ferdselet har stort omfang*".

Vurdering:

I denne saka er det området som stien krysser definert som innmark etter friluftslova §1a, og dette set avgrensningar for almenhetens ferdsel på området. Samstundes opnar §3a for ferdsel til fots på veg eller sti over innmark dersom den fører til utmark. I dette tilfellet fører stien til utmark og lovverket opnar for lovlig ferdsel over beitet. Sjølv om vilkåra er oppfylt for å kunne ferdast lovleg på dette området, har grunneigar lov til å stengje, i dette tilfellet gjerdekklyven, for almen ferdsel etter §3a tredje ledd. Stenging etter denne heimelen treng ikkje vedtas av kommunen eller stadfestast av fylkesmannen. Det er administrasjonen si vurdering at episoden som utløyste stenginga av stien er så alvorleg at det klart er omfatta av omgrepene "nevneverdig skade" etter §3a tredje ledd J.fr. § 11 i friluftslova.

Det er viktig å få fram at ferdsel, uansett organisert eller på privat initiativ, har pålegg etter §11 om at ferdselet skal skje hensynsfullt og ikkje vere til skade eller ulempe for brukar. Det er derfor viktig for arrangement som enten vert halde av foreningar eller i offentleg/privat regi, at ein har ein dialog med grunneigar for å finne gode løysningar og unngå konflikt.

Det er også viktig å presisere at i dette området er det, etter kommunal forskrift om bandtvang i Meland, bandtvang heile året.

Etter synfaring på staden og samtaler med grunneigar, er det kome fram at stien ikkje er heilt stengt for ferdsel, men at eigar ønskjer å kanalisere ferdselet. Stor ferdsel over dette området vil kunne føre til ulempe for næringsdrift. Og det er difor viktig at ein har ein god dialog for å kunne finne gode løysningar som gjev grunnlag for næring og ferdsel. Grunneigar er open på at det vert opna for ferdsel når saka er ferdig etterforska og presiserte at han ikkje har nekta private personar som ringte og spurde om dei fekk kryssa beita.

Administrasjonen meiner også at denne saka kan vere med på å klargjere kva krav og rettar friluftslova gjev og stiller til folk som skal ferdast, og til grunneigarane. Det er viktig å påpeike at eit godt samarbeid med grunneigarane er viktig for å kunne sikra allmenheten best mogelig tilgang til friluftsliv.

Konklusjon:

Etter administrasjonen sin vurdering har grunneiger i dette tilfelle heimel i lovverket til å stengje den aktuelle stien der den går gjennom hans innmark etter den utløysande episoden sett i sammenheng med forutgånda hendinger og ulempar for grunneigar, som følge av ferdselet. Administrasjonen vil difor tilrå at ein går i dialog og jobber felles for å finne gode løysningar slik at det blir opent for ferdsel igjen, samt at grunneigars næringsinteresser og rettar blir ivaretatt for å unngå at slike konflikter oppstår i framtida.